

TellTur 2020

Den beste TellTur-sesongen sidan starten i 2014, ligg bak oss, og det er duka for ein ny sesong. Ved sesongstart i 2020 hadde vi nokre utfordringar som gjorde at me ikkje hadde heilt tro på at det ville bli ein særleg god sesong. Men spådommane blei gjort til skamme, og sesongen blei den beste me har opplevd.

Kvinnherad kommune ønskja ekstra fokus på arrangementet i 2020, då restriksjonane gjorde at folk ikkje fekk drive trening og fysisk aktivitet på idrettsanlegga ei lang stund. Telltur-systemet var difor ei kjærkommen løysing i 2020.

Turmåla blei vald ut av friluftsrådet i samarbeid med Kvinnherad turlag og Kvinnherad kommune:

- Toftåsen
- Borgundnuten
- Aterstad
- Ølveshovda
- Bondhusvatnet
- Handelandsdalen
- Skålafjell
- Gråskallen
- Melderskin
- Ulvanosa
- Mjølkhøg
- Ænessetra
- Mannsvatnet
- Kaldestadåsen

I Kvinnherad kommune gjekk 844 turgåarar til saman 3 324 turar til dei 14 turmåla i kommunen i løpet av TellTur-sesongen 2020. Det mest besøkte turmålet i kommunen var Bondhusvatnet med 582 registreringar. Av dei 844 turgåarane i Kvinnherad var det 144 stk som meldte seg på temakonkurransen, og blant disse er det gjort ei trekking av flotte premiar:

Klasse 1

0-13 år. Eigen premiering. Besøkt minimum 3 ulike turmål, eller sankt minimum 10 poeng totalt i KK

Det blei registrert 16 deltakarar i klassen, og av disse var det 8 som gjennomførte i forhold til krava.

Vinnarar i klasse 1:

Elin, født 2008.

Emma Øyre, født 2007

Liva Stakkestad, født 2007

Kristina, født 2012

Åsne, født 2015

Lars H Stakkestad, født 2010

Lilly Charlotte, født 2013

Anni Helene, født 2015

Vinnarane får tilsendt kvar sitt gavekort på kr 500,- som kan nyttast på Sport1-butikkane.

Klasse 2

Tilfeldig trekking mellom alle som har besøkt minimum 5 turmål eller sankt minimum 15 poeng totalt i KK

Det blei registrert 144 deltakarar i klassen, og av disse var det 59 stk som gjennomførte i forhold til krava.

Vinnarar i klasse 2:

Anette Huse Borgen

Inger Lise Vikse

Roger Løvlie

Vinnarane får tilsendt kvar sitt gåvekort på kr 1000,- som kan nyttast på Sport1-butikkane.

Klasse 3

Trekking blant dei med meir enn 50 besøk på turmål i KK, eller som har besøkt alle dei 14 turmåla i KK

Det blei registrert 144 deltakarar i klassen, og av disse var det 20 stk som gjennomførte i forhold til krava.

Vinnar i klasse 3:

Ellen Serine Myklebust

Vinnaren får tilsendt eit gåvekort på kr 1400,-, som kan nyttast på Sport1-butikkane.

Vi gratulerer!

På vegne av Kvinnherad kommune

Kristian Helgesen og Margit Lund-Mikkelsen